

**Referat møte nr. 01/17**  
**Styringsgruppa for Førdepakken**

**Møtedato:** 31.januar 2017 kl 12:00 – 14:15

**Stad:** Video Førde/Leikanger

**Møteleiar:** Svenn Finden

**Referent:** Eli Marita Vik Næss

**Til stades:** Ole John Østenstad (OJØ), Svenn Finden (SF), Arve Seger (AS), Ingar Hals (IH), Eli M. Næss (EMN)

**Forfall:** Oddvar Flæte (OJF), Tore Eriksen (TE)

**Kopi til:** Alle som var innkalla.

Sakshandsamar/innvalsnr:

Eli Marita Vik Næss – 951 91 805

Vår dato: 31.01.2017

Vår referanse:

| Sak nr |  | Ansvar / frist |
|--------|--|----------------|
| 1/2017 | <p><u>Referat frå siste møtet (06.10.2016)</u><br/>Ingen merknader</p> <p><u>Gjennomgang av oppfølgingssaker</u></p> <p>- 5/16 – <i>Ekstern involvering i Formingsrettleiar</i><br/>Førde kommune jobbar med dette. Blir lagt fram ei orientering på neste planutvalsmøtet.</p> <p>- 5/16 <i>Styring av innkjøp/konkurranse slik at vi får den type utstyr vi vil ha</i><br/>I utgangspunktet skal vi ikkje beskrive produkt når vi lyser ut konkurransar, men vi kan gjere det. Vi må sørge for at vi får eit einheitleg uttrykk i utstyret. Difor må vi rigge konkurransegrunnlaget på ein slik måte at vi unngår diskusjonar med leverandørar i ettertid.</p> <p>Vi kan handtere dette innafor ordinære utlysingar av kontraktar.</p> <p>- 12/16 <i>Flytting av kommunale VA-anlegg – kven ber kostnadene. Sjekk ut korleis dette vert handtert i andre bypakkar/samarbeidsprosjekt</i><br/>Dette vert handsama etter prinsippa i paragraf 32 i veglova. Difor må Førde kommune bere desse kostnadene som er stipulert til ca. 18 mill.kr. Det er utfordrande for kommunen å handtere dette budsjettmessig.</p> |                |



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen

| Sak nr |   | Ansvar / frist                          |
|--------|---|---|
| 2/2017 | <p><u>Gjennomgang av årsrapport</u><br/>Formen på årsrapporten kan diskuteres. Vi har prøvd å gjøre det enkelt.</p> <p>Prøver å begrense å føre kostnader på uspesifisert prosjekt. Disse blir fordelt ut på de andre prosjekta, men har ikke fått tid til å gjøre det enno.</p> <p>Merknader fra styringsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fv. 484 Vievegen – kan gi oss utfordringer selv om reguleringsplanen er vedteket</li> <li>• R. 5 Bergumkrysset – anbudsprotokollen fra åpning skal sendes til styringsgruppa</li> <li>• E39 x fv. 609 Askvollkrysset: Oppstart bygging i september 2017</li> <li>• Gangbru Naustøyna-Storehagen: Tror kanskje at kostnadsoverslaget kan ryke.</li> <li>• Indre Øyrane-Langebruvegen: Ikke helt avklart. Skal opp i planutvalet no.</li> <li>• Rv. 5 Gs-tunnel Kletten: Sak om oppstart bygging skal leggjast fram for styringsgruppa.</li> <li>• Rapporten bør vise til nummer på tiltakspunkta, og det bør leggjast ved kart som viser kvar dei ulike tiltaka er. HMS bør vere med når bygging startar.</li> </ul> <p>Økonomi/framdrift: Styringsgruppa ønskjer å få lagt fram ein oversikt over gjenståande planlegging som skal først på planposten.</p> <p><u>Personal/kontor</u><br/>Det er 2 av 5 tilsette i prosjektet som har vore utleigd til Vegseksjon Fjordane, ikke 2 av 3 som det står i årsrapporten.</p> | <p>IH</p> <p>IH</p> <p>IH</p> <p>IH</p> |
| 3/2017 | <p><u>Styret i bomselskapet ber om at framdrift på nytt blir teke opp i styringsgruppa og at eit system for kostnadskontroll med planlegging og prosjektering blir vurdert.</u></p> <p>Bompengeselskapet er utolmodige når det gjeld framdrifta. Folk flest er opptekne av prosjektet.</p> <p>Kostnadskontroll går på planlegging/prosjektering som skjer i Statens vegvesen. Vi må ikke lage rigide rapporteringssystem, men burde sjå på dette til neste møte. Bompengeselskapet treng å få kunnskap om kva som skjer i prosjektet.</p> <p>Vi må bruke systemet som vi har i Statens vegvesen, men vi bør kunne ta ut rapportar som syner fordeling av kostnadsbruken og leggje</p>   | <p>IH</p>                               |



| Sak nr |  | Ansvar / frist |
|--------|--|----------------|
| 4/2017 | <p>fram for styret i bompengeselskapet. Bør og syne fordelinga på konsulentbruk/eigne kostnader.</p> <p><u>Ymse</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– <i>Indre og Ytre Øyrane – orientering.</i><br/>Førde kommune jobbar med to områdereguleringar. Førdepakken jobbar med tiltak 12 – avlastningsveg over Indre Øyrane, tiltak 20 - bru over Jølstra til Halbrendssøyra og tiltak 9 - Storehagen som kan påverke dette i framtida. I tillegg kjem fjernvarmetraseen. Usikkerheit i forhold til modell som blir brukt i trafikkanalysane, og input tal i høve utbygging i områda – gir ulogiske trafikktalet. Vil Førdepakken få same krav til trafikkanalysar som område-reguleringane har fått for å sikre at kryssa er tilfredsstillande? Det er kommuneplanen sin arealdel fram til 2015 som ligg til grunn for trafikkanalysar for Førdepakken, og det same grunnlaget er det for områdeplanen for Indre Øyrane.</li> </ul> <p>Utfordringane i området involverer mellom anna 2 områdeplanar (Førde kommune) og 3 detaljreguleringsplanar (Førdepakken). Det bør vere eit avklaringsmøte mellom Førde kommune og Statens vegvesen. Kommunen lagar eit utkast til utfordringar/skildring av vidare trafikkanalysar, og melder dette tilbake til Statens vegvesen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>– <i>Trafikkutvikling i Førdepakken – siste månadsrapport</i><br/>Trafikk ligger over prognose, men inntektene pr. køyretøy er lægre. 30-passeringsregelen er svært positiv for trafikantane. Rabatt er endra frå 10% som låg til grunn for vedtaket til 20% som er faktisk rabatt. Må ha eitt års drift før ein har eit godt bilde.</li> <li>– <i>Neste møte</i><br/>1.juni kl. 12:00 til 14:00 i Røde kors-bygget. Innkalling blir sendt med det første.</li> </ul> | EMN            |



## Oppfølgingssaker styringsgruppe Førdepakken

| Sak.nr | Omtale  | Ansvarleg | Frist                              |
|--------|---|-----------|------------------------------------|
| 2/2017 | R. 5 Bergumkrysset – anbudsprotokollen frå opninga skal sendast til styringsgruppa  | IH        | Primo februar                      |
| 2/2017 | Rv. 5 Gs-tunnel Kletten: Sak om oppstart bygging skal leggjast fram for styringsgruppa.   | IH        | Neste møtet                        |
| 2/2017 | Rapporten bør vise til tiltakspunkta, og det bør leggjast ved kart som viser kvar dei ulike tiltaka er. HMS bør vere med når bygginga startar.  | IH        |                                    |
| 2/2017 | Styringsgruppa ønskjer å få lagt lagt fram ein oversikt over gjenståande planleggjing som skal førast på planposten.  | IH        | Neste møte                         |
| 3/2017 | Styret i bomselskapet ber om at framdrift på nytt blir teke opp i styringsgruppa og at eit system for kostnadskontroll med planlegging og prosjektering blir vurdert.<br><br>Vi bør ta ut rapportar som syner fordeling av kostnadsbruken og leggje fram for styret i bompengeselskapet. Bør og syne fordelinga på konsulentbruk/eigne kostnader. | IH        | Til neste møte i bompengeselskapet |



Førde kommune



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Statens vegvesen